

**Fra:** Ole Kristian Ødegård (olekro@breiband.no)

**Sendt:** 15.08.2018 12:29:29

**Til:** Hans Inge Gloppen

**Kopi:**

**Emne:** SV: Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland

**Vedlegg:**

Breiband.no har ingen planer om kommersiell utbygging i de nevnte områder.

Mvh

Ole Kristian Ødegård

CTO, Breiband.no AS

Phone: (+47) 47 23 33 30

---

**Fra:** Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>

**Sendt:** 15. august 2018 12:26

**Til:** Offentlig\_Tilskudd@telenor.com; Ole Kristian Ødegård <olekro@breiband.no>; offentlig-tilskudd@telia.no; erik.omdal@vifiber.no; offentlig\_tilskudd@ice.net

**Emne:** Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland

### **Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland**

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønnsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer fylgjande områder i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

1. Kvinnherad kommune: Strekninga Matre ferjekai-Åkra og Snilstveitøy-Skorpo – 3.800.000 kr
2. Os kommune: Sørstrøno – 400.000 kr
3. Meland kommune: Landsvik-Skjelanger, Ådland, Io, Håtuft-Espetveit, Fosse, Eikeland, Erstad-Meland-Bjørnestad og Dalstø. – 4.125.675 kr

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande områder:

1. Jondal kommune: Torsnes og strekninga Myra-Hessvik – 1.000.000 kr
2. Samnanger kommune: Hisdal-Trengereidfjorden – 900.000 kr
3. Lindås kommune: Tilleggsfinansiering av prosjektet «*Breiband i Lindås 2016*» – 7.500.000 kr

Eit kvalifiseringskrav for å søke om støtte til breibandsutbygging er at søkjar må undersøke om det allereie er sett i gang utbygging, eller om det fins planar for breibandsutbygging i dei næraste tre åra, i området det vert søkt støtte for.

På vegne av dei seks kommunane ynskjer difor Hordaland fylkeskommune ei tilbakemelding om det pågår utbygging, eller er planar for utbygging i dei aktuelle områda.

På førehand takk.

Mvh

**Hans Inge Gloppen**

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næring- og lokalsamfunnsutvikling

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 97 41 40 40

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

